

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11 Fylke: Hedmark
 Tilleggsspørsmålnr. 1 - 7 Herad: Tolga
 Emne: Ymse attåtfor Bygdelag: Vingelen
 Oppskr. av: Eystein Eggen Gard: ingen
 (adresse): Vingelen G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga .

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 og 2

Røtter , tang og tare har aldri vore brukt som hjelpefor eller attåtfor det eg veit . Ein unnantek her rotfrukter som potet og næpe, men dei fins ikkje nemnt i spursmåla og skal vel ikkje takast med her.

III

Likeins er det med andre planteslag som erte-
 ris , krapalauv , krake .

IV Hestemøkk .

I Det er no 50- 60 år sea folk her brukte hestemøkk . Det var heller ikkje alle som dreiv med denne foringa så lenge dei kunde berga krøtera på annan måte , men i vårknipa brukte nok dei fleste å koka hestemøkk . Dei slo vatn i fjøspanna (ei stor jarngryste som sto over eldstaden i fjøset) Ein blanda oppi høymug , lauv og halm, kokte det heile saman til ein graut og brukte kanskje litt kli attåt . Eg hugsar at budeier som dreiv dagstødt med denne kokinga hadde vanskeleg for å få hendene kvite att . Det kom vel kanskje av at hestemøkkka verka etsande på huda når ho vart kokt.

VI

I Dei som har eldstad i fjøset , brukar fram-
 leis å koka sørpe . Elles brukar dei sørpa kald.
 Når det kalva ei ku , brukte mor stødt å bera inn ein god høytapp som ho slo kokande vatn over og bar ut i fjøset . Elles brukte ho dagjamt å bera inn ei trebøtte med høy i og slo kokande vatn i ho .
 Sørpekoppen er ei vanleg trebøtte med jarnhav
 i :

Den vanlege måten er å slå kokande vatn på høy eller halm, men dei som ikkje har eldstad i fjøset , brukar no kald sørpe med mjøl påstrødd .

2

Mest brukar ein å laga sørpe av grøvt høy , hakkels og trøskahalm og tilsett sildmjøl , kli eller anna

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2628

- mjøli • Ein brukarx aldri korn .
- 3 Tll nybærkyr brukar ein framleis varm sørpe .
- 4 og 5.
- Bær har vist aldri vor brukt • Drank fins ikkje

2628

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING